

Dåp? Kontakt kyrkjekontoret

Når de har bestemt at barnet skal døypast tek de kontakt med kyrkjekontoret for å avtale dato. Det er også mogleg å melde seg til dåp på heimesida vår.

stryn.kyrkja.no/Kyrkjelege-handlingar/Dåp

Det er ikkje gudsteneste i alle kyrkjene våre kvar veke, det er difor lurt å kontakte kyrkja i god tid for å finne passende dato og stad.

Her finn du kyrkjekontoret i Stryn :

Rognehaugen 11, 2 etg, 6783 Stryn
Tlf 57 87 61 80
E-post: kyrkja@stryn.kommune.no

Heimeside: stryn.kyrkja.no
Facebook.com/strynekyrkja
Instagram: [kyrkjaiindrenordfjord](https://www.instagram.com/kyrkjaiindrenordfjord)



DEN NORSKE KYRKJA
Stryn kyrkjelege fellesråd



«Det største skal få henda
når vatn møter hud:
eit vakkert lite menneske
får høyre til hos Gud.
Vi ser det og vi kjenner von
om nåde livet ut»
nr 592 i salmeboka

Saman om
skatten, saman
om ansvaret



Dåp

Kyrkja ynskjer
**Velkommen
til dåp!**

**Kyrkja i
Indre Nordfjord**

**"For augo våre faldar
ein skapardraum seg ut:
eit vakkert lite menneske,
eit bilete av Gud.
Vi ser det og vi kjenner strok
av himmel mot vår hud."**

nr 592 i salmeboka

Gratulerer med barnet!

Vi gler oss med dykk og inviterer til dåp i Den norske kyrkja. Dåpen har ein lang tradisjon i landet vårt, og dåpen er for mange ei viktig feiring av barnet.



Det er eit val å la barnet bli døypt. Det er og eit val ikkje å la barnet bli døypt. Alle vil det beste for borna sine, og foreldra legg

grunnlag for dei vala borna sjølve skal ta i framtida.

I dåpen blir barnet medlem i Den norske kyrkja og vil få invitasjon til å vere med i barne og ungdomsarbeidet i kyrkja, i gudstenester og trusopplæring. Når barnet blir 15 år, er det religiøst myndig. Då bestemmer det sjølv om han eller ho vil vere medlem av kyrkja.

Ofte stilte spørsmål

- **Kven kan bli døypt?**

Alle kan bli døypte, og ein kan bli døypt når som helst i livet. Det vanlegaste i Den norske kyrkja er at barna blir døypte før dei er eitt år.

- **Kva skjer i kyrkja under dåpen?**

Dåpen er som regel tidleg i gudstenesta. Først blir det lese frå Bibelen om kvifor vi døyper barna våre. Vi les truvedkjenninga høgt saman og syng ein dåpssalme. Det blir tømt vatn i døypefonten, og presten ber ei bøn for det som skal skje. Dåpsfamilien kjem fram til døypefonten, og ein i følgjet tek dåpslua av dersom barnet har ei slik. Presten spør den som ber barnet, kva barnet heiter. Så «teiknar» presten ein kross over barnet og auser deretter tre handfulla med vatn over hovudet til barnet og seier: «Eg døyper deg til namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande.» Det blir tent eit dåpslys som familien får med seg heim. Dåpshandlinga blir avslutta med at presten oppmodar foreldre og fadrar om å be for barnet, lære det sjølv å be og bruke Bibelen og nattverden.

- *** Kva vil det seie å vere fadder?**

Under dåpshandlinga seier presten at foreldre og fadrar skal vere vitne om at barnet er døypt, og medverke til at barnet blir oppseda i den kristne trua. Å ta med barnet til ein av barneaktivitetane i kyrkja er ein fin måte å gjere dette på, like eins å be for barnet. Alle som er over 15 år og godtek

kristen barnedåp, kan vere fadrar.

Det er foreldra som avgjer kven som skal vere fadrar. Det er vanlegast å velje blant familie og venner. Den som skal døypast, må ha minst to fadrar. Foreldra kan ikkje vere fadrar.

- **Kva er ein dåpssamtale?**

Når dåpsdagen nærmar seg, vil presten eller ein annan i den lokale kyrkja ta kontakt med deg/dykk for å avtale tid og stad for ein dåpssamtale. Dåpssamtalen handlar om kva dåpen er, kva som skjer på dåpsdagen, og dei verdiane som følgjer i kvardagen. Du kan stille alle spørsmål du har om dåp, tru og kyrkja.

- **Kven kan bere barnet?**

Det er vanleg at ein av foreldra eller ein av fadrane ber barnet til dåpen. Ein annan kan òg gjerne bere barnet, for eksempel bestemor eller bestefar.

- **Kva har ein på seg i dåpen?**

Det er ingen reglar for kva foreldra og fadrane skal ha på seg. Barnet har som oftast dåpskjole og dåpslue, det er heilt valfritt. Den tradisjonelle dåpskjollen er kvit og lang. Dette symboliserer at trua skal få vekse og utvikle seg. Ved konfirmasjon brukar vi og kvite kapper, det er med å tydeleggjere det at den døypte ikkje skal vekse frå dåpsdrakta, men inn i den.

- **Må ein ha dåpsfest?**

Noko av det fine med dåpsfesten er at det ikkje finst reglar for korleis han skal arrangerast. Det er opp til foreldra til barnet om dei vil ha ein fest, og korleis festen skal vere.